

Med blick på læringsmåla

Kan Åheim skule bli ein arena enno betre på læring? Kritiske auger utanfrå har følgd opplæringa på nært hald i fire dagar.

KJELL BRENNÉ

-Vi har fått ei verktøykasse vi vil bruke for alt ho er verd, understreka rektor Lena Landsverk då ho etter skuleslutt torsdag fekk overlevert vurderingsrapporten frå dei to vurderarane, Brit-Synnøve Torvik, Herøy og Stig Grimstad, Ulstein. Dei to har gått skulen nærare etter i saumane, funne mykje bra, men også peika på ting som kan gjerast betre.

Skulevurdering er ein reiskap for å jakte på kvalitetsforbetringar i verksemda. Vurderarane har vore "fluger på veggen" i klasseromet, hatt samtalar med både administrasjonen, lærarane, assistentar og elevane og også lytta til det foreldre har peika på.

Det er Åheim skule sjølv som har teke initiativet til denne granskinga. Dei har bede om eit innblikk i elevvurdering i høve måloppnåing, eit spennande og nokså vidfemjande tema.

Tidlegare i år vart det sendt ut "påstandskjema" til elevane med retur attende til vurderarane. Det vart og laga samtaleguidar til lærarar, leing og foreldre. Gjennom desse fekk vurderarane viktige opplysningar i høve "glandsiletet" av den ideelle skulen.

Gode rutinar

Torvik og Grimstad framhevar at skulen har gode rutinar for vurdering, tilbakemelding og oppfølging av elevane. Varierte vurderingsformer og fokus på måloppnåing kjem også godt ut.

Vurderarane peikar på at skulen driv ymse former for kartlegging av elevane, men har ikkje eit gjennomført system av kartleggingsverktøy. I den halvårlege samtalen med foreldre blir det også peika på at eleven si faglege utvikling kan kome tydelegare fram i førebuingsskjemaet skulen sender ut til foreldra på forehand. Positivt er den "framoverskoddande" vinklinga i vurderingsmeldingane.

Felles mal

Det vert peika på at skulen med fordel kan lage seg ein felles mal for alle fag til vurderingar i det daglege skulearbeidet frå 1. til 10. klasse. Det vil skape betre oversikt og lettare å gjennomsjå.

I rapporten går det også fram verdien av å ha klare læringsmål og at ein vurderer verksemda i forhold til dette. Elevdeltaking både i å fastsette mål og vurdering av eige arbeid, er verdått å satse på og som skapar motiverte elevar.

Ofte lærarane har elevane



GREIE ELEVAR: - Greie elevar i 10. klasse! fastslo Brit-Synnøve Torvik og Stig Grimstad. Og denne gongen som no er inne i sluttspurten på skulegangen på Åheim skule, hadde ikkje noko imot å få nye folk inn i klasseromet.

sitt fokus på seg i timane kjem også fram i rapporten.

- Vi merkar når ein lærar har planlagt timen frå begynnelsen til slutt.

Positivt, men arbeidskrevjande

Å vere bevisst på eigen praksis gjeld også lærarane. Fleire gir uttrykk for at målfokus har ført dei over i ein omstillingsprosess dei kjenner er positiv, men som er arbeidskrevjande.

Som ein av lærarane uttrykte det: -Det er veldig viktig å verte bevisst på det ein styrer med. Vi gjer mykje bra utan å tenkje over det. Vi tenkjer meir på kva vil vi oppnå. Det har allereide letta jobben som lærar.

Samarbeidsånd

Torvik og Grimstad framhevar også det gode miljøet og den sterke samarbeidsanda som rår på skulen. Utviklingsanda er stor og personalet verkar optimistisk og klar for samarbeid. Også leiinga si haldning til å gjere skulen enno betre, blir halde fram i sluttrapporten, eit dokument skulen vi legge til grunn i det vidare arbeidet framover mot ein enno betre skule for dei unge.

Kommunalsjef Gunvor Strand takka til slutt dei to skulevurderarane på vegne av kommunen.

- De har hjulpet oss og sådd gode frø. No blir det vår oppgåve å gjødsle godt og få det til å spire!



SLUTTRAPPORT: - Her har de sluttrapporten, seier skulevurderarane Brit-Synnøve Torvik og Stig Grimstad til inspektør Bodil Holsvik og rektor Lena Landsverk Sande med eit heilt lærarkollege i ryggen.

Regionsperre for å unngå misbruk

Med ferietida kjem høgsesongen for kortsvindel og som eit tiltak for å motverke denne trenden har Sparebanken Møre innført ei ny teneste: regionsperre på VISA-kort. Ei slik sperre, skriv banken i eit pressekjv, gjer at kunden kan vere trygg på at korta ikkje vert misbrukt i dei regionane det er sperra for.

Frå eigen nettbank kan ein administrere kvar i verda korta skal vere gyldige. Den nye tenesta gjer ikkje at korta vert automatisk sperra, dette

er noko kundane sjølve må gjerre i nettbanken. Regionsperre på kort gjeld for bruk av kort i minibankar og i betalingsterminalar, medan internetthandel er tilgjengeleg sjølv om nettbutikken er i ein sperra region.

- Vi ønsker at korta våre skal kunne brukast overalt i heile verda, utan at korthaldar skal vere bekymra for å bli utsett for svindel. Regionsperre på kort er derfor eit tiltak vi set inn for sommaren for å gjere bruk av VISA-kort endå tryggare. Dermed er vi aktivt med

i kampen mot kortsvindel, uttalar banksjef Sissel Kragset Vik i pressekjv om innføringa av den nye tenesta. Ho håper at det på sikt vil verte like naturleg å sjekke regionsperre på korta som å sjekke pass og billetter for ein reiser til utlandet.

Banken anbefaler i pressekjv at korta er opne i Noreg og resten og resten av Europa, og at dei er sperra for fjernare regionar.